

## **Formannskapet og Kommuneplanutvalet har behandla sak 6/2024 i møte den 26.02.2024**

### **Behandling**

Innspel frå Formannskapet som kommuneplanutval:

Første avsnitt i kap. 5.3- Eldre reguleringsplan blir endra til:

Planutvalet har i prosessen med revidering av kommuneplan sin arealdel valt å gjennomføre planvask av reguleringsplanar eldre enn 10 år når kommuneplanen sin arealdel er vedtatt. Nye initiativ knytt til eldre areal- og reguleringsplanar blir sett på vent i påvente av planvask.

Kap. 8 punkt 7 om planvask blir orda «ta stilling til» bytta ut med «iverksetje».

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Planstrategi for Gol kommune i perioden 2024-27, med endringar spelt inn frå Formannskapet som kommuneplanutval, blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i tråd med Plan og bygningslova §10-1. Høyringsperioden er 30 dagar.

